

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 17.02.2017
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Hanne Løvereide Årstad
SAKA GJELD: **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndighetskrav i perioden 13.1.2017 - 17.2.2017**

ARKIVSAK: 2017/68
STYRESAK: 026/17

STYREMØTE: 07.03. 2017

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

Oversikt over aktuelle lover i perioden 16.1.2017- 17.2.2017

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endringa gjeld
Lov om endring i psykisk helsevernlov mv (økt selvbestemmelse og rettsikkerhet)	10.2.2017	Endringane er ei oppfølging av tilrådingane frå Paulsrud-utvalet som utgreia bruk av tvang i psykisk helsevern. Endringane gir pasientar i psykisk helsevern auka sjølvråderett og rettsikkerheit. <ul style="list-style-type: none"> • Pasientar vil få fritt rettsråd ved klage over vedtak om behandling utan eige samtykke. • Pasientar får rett til å evaluere bruken av tvang i etterkant saman med behandlar. Pasienten sitt syn skal alltid journalførast. • Hvis pasienten motsetter seg skjerming skal det alltid fattast vedtak før skjermingen blir

		<p>iverksatt.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Undersøking/observasjonstida før iverksetting av tvangsmedisinering blir forlenga frå tre til fem døgn. • Den som er faglig ansvarlig får plikt til å rådføre seg med anna kvalifisert helsepersonell før det blir fatta vedtak om behandling utan samtykke. <p>Endringane trer i kraft frå 1. september 2017 med unntak av reglane knytt til fritt rettsråd. Dei trer i kraft frå 1. juli 2017.</p>
--	--	---

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 16.1.2017 - 17.2.2017

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Forskrift om endring i om spesialistutdanning og spesialistgodkjenning for leger og tannleger (spesialistforskrifta)	20.1.2017	<p>Spesialistforskrifta blei vedtatt 8.12.2017. Forskrift er eit ledd i moderniseringa av spesialistutdanninga for legar, og beskriv roller og ansvar i utdanninga. Vedlegga i forskrifta blei ikkje vedtatt på same tid. Vedlegga til forskrifta er nå vedtatt.</p> <p>Vedlegg I gir ein oversikt over legespesialitetane.</p> <p>Vedlegg II fastsett læringsmål i utdanninga sin del I og læringsmål i felles kompetansemøduklar del 1-3.</p> <p>Endringane trer i kraft frå 17. mars 2017.</p>

**Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden
16.1.2017 -17.2.2017**

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Ingen nye myndighetskrav i perioden		